

I godveret er fint å prøva treningsapparata.

23.09.2017



Treningsapparata og sitjegruppene inviterer til bruk.

For kort tid sidan vart arealet rundt treningsapparata og sitjegruppene samt stiane i aktivitetsparken ved skulen asfaltert. No er finveret kome, og denne flotte delen av GULL AV GRUS ligg der og inviterer til bruk. Det er 8 ulike treningsapparat, og det er plass til at 12 personar kan trenast samstundes.

På kvart apparat står det instruksjon i korleis det skal brukast. Det er viktig at apparata ikkje vert brukt på annan måte enn det som er vist der. Det er også framlegg til treningsopplegg t.d. antal repetisjonar og pausar. Etter å ha vore ein liten prøverunde, kan eg slå fast at det er eit skikkeleg godt tilbod. Eg håpar mange vil nytta seg av dette gode tilbodet, og det er nettopp det dei som står bak prosjektet ønskjer. Apparata er merkt med 14+ , og det betyr at dei som er under 14 år berre må trenast der når dei er saman med vaksne.

Det er Uskedal helselag som har hatt ansvaret for oppbygginga av denne delen av aktivitetsparken, og dei har motteke støtte m.a. frå Sparebank1stiftinga Kvinnherad. Jostein Hauso har gjort ein kjempejobb som leiar av oppbyggingsarbeidet, og han har hatt god hjelp av Oddmund Soldal og andre. Det er Kvinnherad Asfalt som har utført asfalteringsarbeidet.

Komande veke er det klart for neste steg i GULL AV GRUS-prosjektet. Då skal klatreparken monterast. Det kan de lesa om nedanfor, men vi nemner at dei som kan bidra med dugnadshjelp, kan melda seg til Steinar Haugland. Då han er utanfor dekningsområde deler av helga, er det best at det vert gjort med SMS til 410 42 659 så ringer Steinar tilbake.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland